



Møtebok

Utval:	Stad kontrollutval
Møtestad:	Stad rådhus, kommunestyresalen
Dato:	28.04.2022
Tid:	Kl. 10:00 - 12:50

Følgjande medlem møtte

	Parti
Magne Fure	H
Jessica Haaland	KRF
Malene Friberg	SP
Håkon Sjøstad	SV

Forfall

	Parti	Varamedlem	Parti
Kariann Myklebust Fagerli	V	Dagfinn Olav Kvamme	FRP

Møtenotater:

Andre som møtte:

- Jostein Støylen, dagleg leiar Vest Kontroll
- Gunnar Silden, Ordførar Stad kommune. Gjekk frå møtet etter sak 22/005
- Ole Starheim, økonomisjef Stad kommune
- Asgeir Tveit, dagleg leiar/revisjonssjef i Vestland Revisjon
- Kay Rune Solheim, revisor i Vestland Revisjon
- Svein Otto Melheim, dagleg leiar Stad Eigedomsutvikling KF
- Magne Hjelle, dagleg leiar i Stad Fjordvarme KF

Møteleiar: Håkon Sjøstad

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
22/001	Godkjenning av innkalling og sakliste
22/002	Godkjenning av møteprotokoll
22/003	Referatsaker
22/005	Vedtaksoppfølging Stad kontrollutval
22/004	Gjennomgang av møteprotokollar 2022
22/006	Forenkla etterlevingskontroll 2021
22/007	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2021
22/008	Rekneskap 2021 Stad Egedomsutvikling KF
22/009	Årsrapport Stad Egedomsutvikling KF 2021
22/010	Rekneskap 2021- Stad Fjordvarme KF
22/011	Årsrapport 2021- Stad Fjordvarme KF
22/012	Rekneskap 2021 - Stad kommune
22/013	Årsrapport 2021 for Stad kommune



Stad kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/13635
Saksbehandlar: Janne Endal
Andersson
Dato: 22.04.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/001	Stad kontrollutval	28.04.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dagleg leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Stad kontrollutval 28.04.2022:

Handsaming:

STKU- 22/001 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Stad kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/13636
Saksbehandlar: Janne Endal
Andersson
Dato: 22.04.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/002	Stad kontrollutval	28.04.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Dagleg leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Vedlegg i saka:

22.04.2022 Protokoll - Stad kontrollutval - 14.02.2022

1495394

Stad kontrollutval 28.04.2022:

Handsaming:

STKU- 22/002 Vedtak:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/13637
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 22.04.2022

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
22/003	Stad kontrollutval	28.04.2022

Referatsaker

Dagleg leiar si tilråding:

Referete saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggende saker:

1, Forvaltningsrevisjonsrapport

2, Referatsaker

Stad kontrollutval 28.04.2022:

Handsaming:

STKU- 22/003 Vedtak:

Referete saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.



Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 22.04.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/005	Stad kontrollutval	28.04.2022

Vedtaksoppfølging Stad kontrollutval

Bakgrunn for saka:

Saker som må vidare følgast opp er merka i vedtaksoppfølginga.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Vedlegg i saka:

22.04.2022 VEDTAKSOPPFØLGING - dokument

1495295

Stad kontrollutval 28.04.2022:

Handsaming:

STKU- 22/005 Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Saksopplysningar:

Status over sakene går fram av vedtaksoppfølginga, sjå vedlegg.

Vest kontroll
Jostein Støylen
Dagleg leiar



Stad kommune

Arkiv:
JournalpostID: 22/13582
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 22.04.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/004	Stad kontrollutval	28.04.2022

Gjennomgang av møteprotokollar 2022

Bakgrunn for saka:

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen. Gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Stad kommune si heimeside –
<https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan-og-sakspapir/>

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Stad kontrollutval 28.04.2022:

Handsaming:

STKU- 22/004 Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysningar:

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet	24.03
Eigedomsskatt – Klagenemnd	20.04
Eigedomsskatt – Sakkunding nemnd	
Finansutvalet	
Nordfjodrådet	07.02 21.03 04.04
Sted Eigedomsutvikling KF	14.02 04.04
Stad eldreråd	07.02 21.03
Stad Fjordvarme KF	04.04
Stad formannskap	10.02 24.03
Stad kommunestyre	17.02 31.03
Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne	07.02 21.03
Stad ungdomsråd	07.02 21.03
Utval for areal og eigedom	08.02 22.03
Utval for helse og omsorg	09.02 23.03
Utval for kultur, idrett, samfunn og næring	08.02 22.03
Utval for oppvekst og opplæring	09.02 23.03
Valstyret	

Vest kontroll

Jostein Støylen

Dagleg leiar



Stad kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/13584
Saksbehandlar: Jostein Støylen
Dato: 22.04.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/006	Stad kontrollutval	28.04.2022

Forenkla etterlevingskontroll 2021

Bakgrunn for saka:

Basert på revisjonen sin konklusjon i attestasjonsuttale av 13.04.2022 og rapport av 13.04.2022 er det grunn til å tru at Stad kommune har etterlevd Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester på området Rutinar for vederlagsutrekning og etterutrekning for langtidsopphald på institusjon, når dei konkluderer med at kommunen har tilfredstillande rutinar på dette området.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet viser til Attestasjonsuttale og Rapport av 13.04.2022 om forenkla etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga, og tek til vitende at kommunen har etterlevd Forskrift om eigenandel for kommunale- helse og omsorgstenester på området rutinar vederlagsberekning og etterutrekning for langtidsopphald på institusjon.

Vedlegg i saka:

22.04.2022	RSK301 Rapport forenkla etterlevingskontroll - Vederlagsutrekning langtidsopphald institusjon	1495304
22.04.2022	RSK301 Revisoruttale forenkla etterlevingskontroll - Vederlagsutrekning langtidsopphald institusjon	1495305

Stad kontrollutval 28.04.2022:

Handsaming:

Dagleg leiar/revisjonssjef Asgeir Tveit og revisor Kay Rune Solheim i Vestland revisjon orienterte og svara på spørsmål.

STKU- 22/006 Vedtak:

Kontrollutvalet viser til Attestasjonsuttale og Rapport av 13.04.2022 om forenkla etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga, og tek til vitende at kommunen har etterlevd

Forskrift om eigenandel for kommunale- helse og omsorgstenester på området rutinar vederlagsberekning og etterutrekning for langtidsopphald på institusjon.

Saksopplysningar:

Kommunelova § 23-2 fastset at det skal førast kontroll med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak. Revisor er difor etter kommunelova § 24-9 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, pålagt å sjå til at kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak går føre seg i samsvar med føresegner og vedtak. Kontrollen skal baserast på ei risiko – og vesentleg vurdering.

Revisjonen har i sin Rapport datert 13.04.2022 gjord meir greie for lovgjevinga og vesentlege samanhengar som ligg bak rapporten. Det vert her vist til pkt. 1. Sjølve kontrollen/undersøkinga går fram i pkt. 2 i rapporten.

Vurdering:

Vestland Revisjon har for året 2021 kontrollert om kommunen har Rutinar for vederlagsutrekning og etterrekning for langtidsopphald på institusjon. Kontrollen gjeld for året 2021.

Konklusjon:

Revisjonen har i sin revisjonsuttale 13.04.2022 gitt slik konklusjon: «Basert på utførte handlingane og innhenta revisjonsbevis er vi ikkje blitt merksame på noko som gjev oss grunn til å tru at Stad kommune ikkje har etterlevd Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester. Vi vurderer det slik at kommunen har tilfredsstillande rutinar for vederlagsutrekning og etterutrekning for langtidsopphald på institusjon.»

Vest kontroll

Jostein Støylen
Dagleg leiar



Stad kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/13587

Saksbehandlar: Jostein Støylen

Dato: 22.04.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/007	Stad kontrollutval	28.04.2022

Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2021

Bakgrunn for saka:

I Kommunelova og Forskrift for kontrollutval og revisjon går fram kontrollutvalet sitt på-sjå oppgåve/ansvar overfor revisor og revisor sitt arbeid med finansiell revisjon. Ut frå dei tiltak og den dokumentasjon som er ein har fått og er tilgjengeleg no, har ein ikkje funne grunn til merknader utover det som kjem fram under saksopplysningar.

Framlegg til vedtak:

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2021.

Vedlegg i saka:

22.04.2022 1 Veileder t il Kontrollutvals- og revisjonsforeskriften § 3 1495323

Stad kontrollutval 28.04.2022:

Handsaming:

Dagleg leiar/revisjonssjef Asgeir Tveit i Vestland revisjon orienterte og svara på spørsmål. Presentasjon blir lagt ved lagt ved saka.

STKU- 22/007 Vedtak:

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2021.

Saksopplysningar:

Denne saka er todelt.

- Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort.
- Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, kan vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel ved og/eller kan gjerast betre. Saka omhandlar revisjonen sitt arbeid for kommunen og dei kommunale foretaka (KF).

I Kommuneleva frå 2018 § 23-2 står det at kontrollutvalet skal sjå til at:

- a. kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b. det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c. det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d. det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e. vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

Kontrollutvalet si oppgåve er utdjupe i Forskrift om kontrollutval og revisjon frå 2019 § 3. Denne ligg ved saka.

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

Rettleiaren er utarbeida med utgangspunkt i kommunelova av 1992. På førespurnad til NKRF får ein opplyst at den gjeld inntil det kjem ny, men at det ikkje vil verte vesentlege endringar i høve på-sjå ansvaret overfor finansiell revisjon/årsrekneskapet.

Vurdering og konklusjon:

Under finn ein kva som er/vil bli gjort i høve til tilrådingane i rettleiaren frå NKRF:

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor.

Krava her er følgt opp.

2. Krav tilandel for oppdragsansvarleg.

Oppdragsansvarleg revisor er dagleg leiar i Vestland Revisjon som har autorisasjon som statsautorisert revisor. Vandelsattest vart krevd for å få autorisasjonen.

3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit.

Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for året.

4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet.

Så langt vi har kjennskap til revisor er vedkomande uavhengig.

Vi føreset at oppdragsansvarleg revisor og revisormedarbeidar vurderer si uavhengigheit fortløpande og rapportere om eventuelle endringar.

5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.

Kontrollutvalet og Sekretariatet har to års erfaring med Vestland Revisjon. Vår kjennskap til kva revisjonsarbeidet i Stad Kommune omfattar er opparbeida gjennom utdanning, yrkeserfaring og erfaring med Vestland Revisjon og tidlegare Kommunerevisjonen i Nordfjord.

Vestland Revisjon orienterte Kontrollutvalet om si planlegging av finansielle revisjon for 2021 i sak 35/21.

6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har enno ikkje samarbeidsavtale med revisjonen. Dette vert det jobba med.

7. Revisjonsstrategi.

Revisor har utarbeida revisjonsstrategi/revisjonsplanlegging for året. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvalssak 35/21. Sjå pkt 5.

8. Nummerert brev.

Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev for året.

9. Mislegheiter.

Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året.

10. Revisjonsmeldinga.

Revisjonsmelding ligg føre for kommunen den 07.04.2021, for Stad Fjordvarme KF 06.04.2022 og Stad Eigedomsutvikling KF 06.04.2022.

11. Revisor sin møteplikt og møterett.

Revisor har fylgt si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.

12. Revisor har i revisjonsmeldinga uttala seg om dei tilhøve lovverket krev når det gjeld årsrekneskapen og årsmeldinga, og vi viser til desse (kommunen og dei to kommunale foretaka).

13. Revisor sin opplysningsplikt.

Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og Kontrollutvalet burde hatt.

Revisor blir tilstades i Kontrollutvalsmøtet, og kan såleis gi utfyllande opplysningar og svare på spørsmål.

Ut frå munnlege og skriftlege orienteringar samt gjennomgangar frå revisjonen har vi per dato ikkje opplysningar som gir grunn til å kome med merknader til revisor sitt arbeid.

Vest kontroll

Jostein Støylen

Dagleg leiar



Stad kommune

Arkiv: FE-037, FE-209, TI-
&14
JournalpostID: 22/8990
Saksbehandlar: Svein Otto Melheim
Dato: 01.04.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/011	Stad Eigedomsutvikling KF	04.04.2022
22/008	Stad kontrollutval	28.04.2022

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/004	Finansutvalet	06.05.2022
22/044	Stad formannskap	06.05.2022
	Stad kommunestyre	

Rekneskap 2021 Stad Eigedomsutvikling KF

Bakgrunn for saka:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner, av 22.06.2018, spesielt kap. 9 om kommunale foretak og kapittel 14 om økonomiforvaltning
- Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv., av 07.06.2019, fastsett med heimel i kommunelova kapittel 14 .

Kommunestyret vedtar sjølv årsrekneskapen. Vedtaket vert fatta på grunnlag av innstilling frå formannskapet.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 3, skal kontrollutvalet gje uttale om årsrekneskapen før denne blir vedteken av kommunestyret. Uttalen skal gjevast til kommunestyret. Kopi av uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før dette utvalet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Den framlagde rekneskapen, som viser eit mindreforbruk på kr 198.793.57, vert fastsett som Stad Eigedomsutvikling KF sin rekneskap for 2021.
2. Mindreforbruket er sett av til selskapet sitt disposisjonsfond, i samsvar med § 4-3 i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner.

Vedlegg i saka:

08.04.2022	Stad eigedomsutvikling KF - rekneskap 2021	1492260
22.04.2022	Stad Eigedomsutvikling KF - REKNESKAPEN MED ÅRSRAPPORT 2021 SAKA	1495373

Stad Egedomsutvikling KF 04.04.2022:

Handsaming:

SEKF- 22/011 Vedtak:

1. Den framlagde rekneskapen, som viser eit mindreforbruk på kr 198.793.57, vert fastsett som Stad Egedomsutvikling KF sin rekneskap for 2021.
2. Mindreforbruket er sett av til selskapet sitt disposisjonsfond, i samsvar med § 4-3 i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner.

Stad kontrollutval 28.04.2022:

Handsaming:

Dagleg leiar i Stad Egedomsutvikling KS, Svein Otto Melheim orienterte og svara på spørsmål.

STKU- 22/008 Vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 06.04.2022 og 07.04.2022
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 198 794, og årsrapporten for Stad Egedomsutvikling KF kan godkjennast.

Årsrekneskapen består av:

- balanse per 31.12.2021
- oversikt over løyvingar til drift og investeringar
- økonomisk oversikt drift
- oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
- notar, inkl. samandrag av viktige rekneskapsprisnipp

Saksopplysningar:

Driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 198.793,57. Mindreforbruket er sett av til selskapet sitt disposisjonsfond.

I samsvar med budsjettet er det inntektsført kr 675.000,- i tilskot frå Stad kommune. Dette er same summen som Stad kommune har mottatt i utbyte frå AS Eid Industrihus.

Den langsiktige lånegjelda til Stad Egedomsutvikling KF er kr 91.772.190,- pr. 31.12.2021, etter at det i 2021 er betalt ordinære avdrag med kr 2.481.500,-.



Stad kommune

Arkiv: FE-037, FE-209, TI-
&14
JournalpostID: 22/8992
Saksbehandlar: Svein Otto Melheim
Dato: 27.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/010	Stad Eigedomsutvikling KF	04.04.2022
22/009	Stad kontrollutval	28.04.2022
22/005	Finansutvalet	06.05.2022
22/045	Stad formannskap	06.05.2022
	Stad kommunestyre	

Årsrapport Stad Eigedomsutvikling KF 2021

Bakgrunn for saka:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner, av 22.06.2018, spesielt kap. 9 om kommunale foretak og kapittel 14 om økonomiforvaltning
- Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv., av 07.06.2019, fastsett med heimel i kommunelova kapittel 14.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Årsrapport 2021 for Stad Eigedomsutvikling KF vert godkjend.

Vedlegg i saka:

04.04.2022 Stad Eigedomsutvikling KF - Årsrapport 2021

1491235

Stad Eigedomsutvikling KF 04.04.2022:

Handsaming:

SEKF- 22/010 Vedtak:

Årsrapport 2021 for Stad Eigedomsutvikling KF vert godkjend.

Stad kontrollutval 28.04.2022:

Handsaming:

Dagleg leiar i Stad Eigedomsutvikling KS, Svein Otto Melheim orienterte og svarta på spørsmål.

STKU- 22/009 Vedtak:

Kontrollutvalet har ikkje merknadar til dagleg leiar sin omtale av dei lovpålagde krava i årsrapporten.

Saksopplysningar:

Årsrapporten gir utrykk for aktiviteten i selskapet i 2021.



Stad kommune

Arkiv: FE-037, FE-209
JournalpostID: 22/9228
Saksbehandlar: Magne Hjelle
Dato: 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/005	Stad Fjordvarme KF	04.04.2022
22/010	Stad kontrollutval	28.04.2022
22/006	Finansutvalet	06.05.2022

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/046	Stad formannskap	06.05.2022
	Stad kommunestyre	

Rekneskap 2021- Stad Fjordvarme KF

Bakgrunn for saka:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner, av 22.06.2018, spesielt kap. 9 om kommunale foretak og kap. 14 om økonomiforvaltning
- Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv., av 07.06.2019, fastsett med heimel i Kommuneleva kapittel 14

Kommunestyret vedtar sjølv årsrekneskapen. Vedtaket vert fatta på grunnlag av innstilling frå formannskapet.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon §3, skal kontrollutvalet gje uttale om rekneskapen før denne blir vedtatt av kommunestyret. Uttalen skal gjevast til kommunestyret. Kopi av uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før dette utvalet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Den framlagde rekneskapen som viser ein rekneskap i balanse, vert fastsett som Stad Fjordvarme KF sin rekneskap for 2021.
2. Mindreforbruket på drifta, kr 21.738,24, er avsett til selskapet sitt disposisjonsfond.

Vedlegg i saka:

07.04.2022	Stad fjordvarme KF - rekneskap 2021	1492220
22.04.2022	Stad fjordvarme KF REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2021 - SAKA	1495374

Stad Fjordvarme KF 04.04.2022:

Handsaming:

SFKF- 22/005 Vedtak:

1. Den framlagde rekneskapen som viser ein rekneskap i balanse, vert fastsett som Stad Fjordvarme KF sin rekneskap for 2021.
2. Mindreforbruket på drifta, kr 21.738,24, er avsett til selskapet sitt disposisjonsfond.

Stad kontrollutval 28.04.2022:

Handsaming:

Dagleg leiar i Stad Fjordvarme KF, Magne Hjelle orienterte og svara på spørsmål.

STKU- 22/010 Vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til ny revisjonsmelding for 2021 datert 06.04.2022
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde rekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 21 738 og årsrapporten for Stad Fjordvarme KF kan godkjennast.

Årsrekneskapen inneheld:

- balanse per 31.12.2021
- oversikt over løyvingar til drift og investering
- økonomisk oversikt drift
- oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
- notar, inkl. samandrag av viktige rekneskapsprisnipp

Saksopplysningar:

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit mindreforbruk på kr 21.738,24, som er avsett på selskapet sitt disposisjonsfond. Etter dette er rest på disposisjonsfondet på kr 59.008.

Ved årsskiftet viser balanserekneskapen kr 2.020.372 i unytta lånemidlar. Alle unytta lånemidlar er knytt til pågåande prosjekt.

Samla lånegjeld er kr 10.458.120. Av dette er 9.078.120 knytt til fjordvarmeanlegget på Nordfjordeid og kr 1.380.000 til fjordvarmeanlegget på Stad næringspark.



Stad kommune

Arkiv: FE-037, TI-&14
JournalpostID: 22/9213
Saksbehandlar: Magne Hjelle
Dato: 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/004	Stad Fjordvarme KF	04.04.2022
22/011	Stad kontrollutval	28.04.2022

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/007	Finansutvalet	06.05.2022
22/047	Stad formannskap	06.05.2022
	Stad kommunestyre	

Årsrapport 2021- Stad Fjordvarme KF

Bakgrunn for saka:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner, av 22.06.2018, spesielt kap. 9 om kommunale foretak og kap. 14 om økonomiforvaltning
- Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv., av 07.06.2019, fastsett med heimel i Kommunelova kapittel 14

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Årsrapport 2021 for Stad Fjordvarme KF vert godkjend.

Vedlegg i saka:

30.03.2022 Årsrapport 2021 Stad Fjordvarme KF

1490594

Stad Fjordvarme KF 04.04.2022:

Handsaming:

SFKF- 22/004 Vedtak:

Årsrapport 2021 for Stad Fjordvarme KF vert godkjend.

Stad kontrollutval 28.04.2022:

Handsaming:

Dagleg leiar i Stad Fjordvarme KF, Magne Hjelle orienterte og svara på spørsmål.

STKU- 22/011 Vedtak:

Kontrollutvalet har ikkje merknadar til dagleg leiar sin omtale av dei lovpålagde krava i årsrapporten.

Saksopplysningar:

Årsrapporten gjev uttrykk for aktiviteten i selskapet i 2021.



Stad kommune

Arkiv: FE-200
JournalpostID: 22/11310
Saksbehandlar: Ole Starheim
Dato: 03.04.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/012	Stad kontrollutval	28.04.2022
22/008	Finansutvalet	06.05.2022
22/048	Stad formannskap	06.05.2022
	Stad kommunestyre	

Rekneskap 2021 - Stad kommune

Bakgrunn for saka:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner, av 22.06.2018, spesielt kapittel 14 om økonomiforvaltning
- Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv., av 07.06.2019, fastsett med heimel i kommunelova kapittel 14.

Om kontrollutvalet si handsaming av saka:

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 3, skal kontrollutvalet gje uttale om årsrekneskapen før denne blir vedteken av kommunestyret. Uttalen skal gjevast til kommunestyret. Kopi av uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før dette utvalet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet vil handsame denne saka i sitt møte den 28. april, der det vil bli vedteke uttale til kommunestyret i samsvar med forskrift. Kontrollutvalet sitt vedtak vert lagt inn som eige vedlegg til denne saka når vedtaket er klart. Dette vil bli oppdatert før møtet i finansutvalet og formannskapet den 6. mai.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Den framlagde rekneskapen, med eit netto driftsresultat på kr 42.408.796,60, vert fastsett som Stad kommune sin rekneskap for 2021.
2. Mindreforbruket, etter bruk av og avsetningar til bunde driftsfond, er på kr 47.534.432,73. Mindreforbruket er sett av til kommunen sine disposisjonsfond, fordelt med kr 10.000.000,- til kommunen sitt rente- og avkastningsfond og kr 37.534.432,73 til kommunen sitt generelle disposisjonsfond. Dette er gjort i samsvar med § 4-3 i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner.

Vedlegg i saka:

22.04.2022 Stad kommune - KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING1495370
2021 - SAKA

Stad kontrollutval 28.04.2022:**Handsaming:**

Økonomisjef i Stad kommune, Ole Starheim orienterte og svara på spørsmål.

STKU- 22/012 Vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 07.04.2022
2. Kontrollutvalet meiner at kommunen sin årsrekneskap kan godkjennast. Årsrekneskapen viser netto driftsresultat (overskot) på: kr 42 408 796 for kommunen og kr 42 629 328 for konsernet som omfattar kommunen og dei to kommunale foretaka.

Rekneskapen er sett saman av:

- balanse per 31.12.2021
 - oversikt over løyvingar til drift og investering
 - økonomisk oversikt drift og investering
 - oversikt samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
 - notar medrekna samandrag av viktige rekneskapsprinsipp
3. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsrapporten

Lenke til rekneskap 2021 for Stad kommune:

Stad kommune sin rekneskap for 2021 blir lagt fram til politisk handsaming berre i elektronisk utgåve. Oppstillingar og skjema finn ein ved å gå inn på lenka til årsrapport 2021 nedanfor og velge kapittelet *Årsrekneskap* i det elektroniske dokumentet. I kapittelet *Økonomisk status og utvikling* i årsrapporten finn ein også meir utfyllande kommentarar og oppstillingar kring ein del nøkkeltal frå rekneskapen for 2021 og forklaringar knytt til det samla mindreforbruket. Lenke til årsrapporten

inkl rekneskap:

https://pub.framsikt.net/2021/stad/mr-202112-aarsrapport_2021/

NB! Denne lenka vil ikkje fungere i Internett Explorer (denne er utfasa). Dersom den ikkje opnar seg ved å klikke på lenka, må den kopierast inn i ei nyopna nettside, t.d. Google Chrome eller Microsoft Edge.

Legg merke til menyen oppe i venstre hjørne inne i det elektroniske dokumentet som ser slik ut:



Ved å klikke på denne får ein sjå heile innhaldslista for dokumentet, og ein kan her klikke på tittelen *Årsrekneskap*. Øvst på innhaldslista finn ein også kapittelet *Slik les du rapporten*.

Saksopplysningar:

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit netto driftsresultat på kr 42,4 mill. Dette tilsvarar 4,3 % av kommunen sine brutto driftsinntekter. Mindreforbruket, etter bruk av og avsetningar til bundne driftsfond, er på kr 47,5 mill. Dette er sett av til kommunen sine disposisjonsfond, i samsvar med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner § 4-3. Forskrifta krev at kommunedirektøren set av eit eventuelt mindreforbruk til disposisjonsfond før rekneskapen går til politisk handsaming. Hovudårsaka til dette forskriftskravet er at det ikkje skal gjerast vedtak direkte i rekneskapssaka om bruk av eit mindreforbruk til nye tiltak/føremål utan eiga saksutgreiing. Dette skal kome i eigne saker med tilhøyrande saksutgreiing.

STAD KOMMUNE (tal i tusen)	Budsjett	Rekneskap	Avvik 2021	Herav løn
KOMMUNALOMRÅDE:				
Sentraladministrasjonen	66 035	66 254	219	-1 271
Oppvekst og opplæring	233 539	227 875	-5 664	1 132
Helse og omsorg	292 393	281 181	-11 212	-1 721
Kultur og samfunn	71 837	70 966	-871	1 449
Delsum	663 804	646 276	-17 528	-411
Felles inntekter/utgifter (finans)	-663 804	-693 810	-30 006	
Sum (minus er lik mindreforbruk)	-	-47 534	-47 534	

Kommunalområda (utanom ansvar 800 felles inntekter/utgifter) har samla eit mindrebruk/meirinntekt på kr 17,5 mill. Ansvar 800 Felles inntekter og utgifter har kr 30,0 mill i meirinntekt i høve budsjett.

I kapittelet *Økonomisk status og utvikling* i årsrapporten finn ein meir utfyllande kommentarar og oppstillingar kring ein del nøkkeltal frå rekneskapen for 2021 og forklaringar knytt til det samla mindreforbruket.

Etter at mindreforbruket er avsett til disposisjonsfond, vil Stad kommune pr. 01.01.2022 ha eit fritt disposisjonsfond på kr 99,9 mill og eit rente- og avkastningsfond på kr 55,1 mill.

Rente- og avkastningsfondet er viktig for å møte eventuell brå stigning i renteutgifta knytt til kommunen sin høge lånegjeld og/eller svingningar i avkastninga frå eksternt plasserte midlar, og spesielt då plasseringane i aksjemarknaden.

Om konsernrekneskap:

Etter ny kommunelov § 14-6 d), skal det også leggst fram samla rekneskapsoppstilling for heile kommunen som juridisk eining, dvs. konsolidert rekneskap. Rekneskapsoppstillinga for 2021 inneheld tabellar for Stad kommune som konsern under overskrifta «§ 10-2 Konsolidert rekneskap» i kapittelet Årsrekneskap. Dette er totaloppstillingar/konsolidering for Stad kommune og dei to kommunale føretaka Stad Fjordvarme KF og Stad Eigedomsutvikling KF. Dei to kommunale føretaka har sine eigne saker til politisk handsaming knytt til rekneskap og årsrapport for 2021.



Stad kommune

Arkiv: FE-146, TI-&14
JournalpostID: 22/11309
Saksbehandlar: Ole Starheim
Dato: 03.04.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/013	Stad kontrollutval	28.04.2022
22/016	Stad eldreråd	02.05.2022
22/015	Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne	02.05.2022
22/018	Stad ungdomsråd	02.05.2022
22/056	Utval for areal og eigedom	03.05.2022
22/040	Utval for kultur, idrett, samfunn og næring	03.05.2022
22/017	Utval for helse og omsorg	04.05.2022
22/019	Utval for oppvekst og opplæring	04.05.2022
22/009	Finansutvalet	06.05.2022
22/049	Stad formannskap	06.05.2022
	Stad kommunestyre	

Årsrapport 2021 for Stad kommune

Bakgrunn for saka:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner, av 22.06.2018, spesielt kapittel 14 om økonomiforvaltning
- Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv., av 07.06.2019, fastsett med heimel i kommunelova kapittel 14.

Kommunelova § 14-7 stiller krav til innhald i kommunane sin «årsberetning». Dette inngår som ein del av kommunen sin årsrapport.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Stad godkjenner årsrapport 2021 for Stad kommune slik den ligg føre.

Stad kontrollutval 28.04.2022:

Handsaming:

Økonomisjef i Stad kommune, Ole Starheim orienterte og svara på spørsmål.

STKU- 22/013 Vedtak:

Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsrapporten.

Årsrapport 2021 for Stad kommune er berre presentert elektronisk gjennom denne lenka:
https://pub.framsikt.net/2021/stad/mr-202112-aarsrapport_2021/

NB! Denne lenka vil ikkje fungere i Internett Explorer (denne er utfasa). Dersom den ikkje opnar seg ved å klikke på lenka, må den kopierast inn i ei nyopna nettside, t.d. Google Chrome eller Microsoft Edge.

Legg merke til menyen oppe i venstre hjørne inne i det elektroniske dokumentet som ser slik ut:



Ved å klikke på denne får ein sjå heile innhaldslista for det elektroniske dokumentet. Sjå spesielt øvst i innhaldslista: *Slik les du rapporten.*

Saksopplysningar:

Årsrapporten for 2021 er den andre i Stad kommune si historie. I 2021 har arbeidet framleis vore prega av arbeid med overordna planar for å få på plass eit felles plan- og styringssystem for kommunen. Vedtaket om bygging av Stad skipstunnel har sett organisasjonen på strekk, og vi valde å endre den administrative organiseringa våren 2021 for å få kapasitet til å arbeide med ringverknadane av dette prosjektet. I tillegg til omfattande arbeidsoppgåver har også dette året vore prega av at vi har levd i ein pandemi som har prega alt vi elles hadde planlagt skulle skje. Årsrapporten for 2021 inneheld lovkrav til årsberetning, då spesielt kommunelova § 14-7. Dette inngår m.a. i kapitla "Menneskelege ressursar" og "Økonomisk status og utvikling" i årsrapporten. Desse kapitla vektlegg rekneskap og hovudtal i den kommunale økonomien og elles det som er krav etter forskrift og lov.

Årsrapporten vidare syner mål og satsingsområde og korleis kommunen organisatorisk har vore bygd

opp i 2021. Vidare er det teke med omtale av tenestene og oversikter over kva ein i løpet av 2021 har fått på plass eller gjennomført innanfor dei enkelte tenesteområda. Til slutt følgjer vurderingar og utfordringane vi ser i det vidare ut frå drifta i 2021.

Årsrapporten syner at kommunen har ei god tenesteyting med fokus på kvalitet og kontroll. Men sjølv om kommunen driv godt, så er det utfordringar å ta tak i. Vi er framleis ein nyetablert kommune der det tar tid å setje nye strukturar og samarbeidsformer. I tillegg har det vore eit aukande behov for tenestene våre innanfor alle kommunalområda, noko som har ført til at vi har måtte auke tal tilsette for å ivareta lovpålagte oppgåver. Årsrapporten tek føre seg noko av dette under kvart kommunalområde.

Økonomisk har kommunen lagt fram ein rekneskap med mindreforbruk. Det er ekstraordinære grunnar til dette som i hovudsak skuldast stor skatteinngang hausten 2021 og ekstra midlar grunna pandemien. Dette er særst gladeleg og viktig då vi framleis har ei drift der vi budsjetterer med bruk av disposisjonsfond. Det har vore gjort eit veldig godt arbeid på alle nivå i kommuneorganisasjonen for å halde økonomisk kontroll i ei krevjande omstillingstid.

